



# Nyhendebrev 4/2024

## Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med aktuelt fagstoff, søknadsfristar og hendingar du bør få med deg! Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

### Søknadsfristar og viktige datoar i første kvartal 2025

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist/dato	Råme/rest, inkludert inndregne midlar	
	<b>Felles for Gloppen og Stad</b>	<b>Gloppen</b>	<b>Stad</b>
<b>Straumstøtte</b>		Les meir <a href="#">her</a> .	
<b>Produksjonstilskot del 2</b> Frist for etterregistrering av ein skilde opplysning	10. januar	<a href="#">Landbruksdirektoratet PT og avløysartilskot</a>	
<b>Levere fellingsrapport</b>	6. januar		
<b>Skogfondkurs, rådhuset på Nordfjordeid</b>	8. januar kl 18:00		
<b>Midlar til skogkultur, vegbygging og taubane</b>	Januar/februar	Kommunen får tildelt midlar frå Statsforvaltaren for 2025.	

## Hjort

### Hjortejakt

Jakta går sin gang og det blir stadig registrert inn felte dyr i Hjorteviltregisteret. Mange vald og jaktfelt registerer kontinuerleg og det er veldig positivt. Det er framleis mange som ikkje har registrert inn informasjonen frå jakta, so det totale bildet på resultatet er framleis ukjent.

Av det som er registrert so langt ser det ut til å bli sett mykje dyr per jegerdag og felt hjort per jegerdag er forhaldsvis høg. Dette kan sjølv sagt endre seg når fleire vald legg inn fullstendig data.



## Fellingsrapport og registreringar i Hjorteviltregisteret

Hjortejakta nærar seg slutten og vi minner difor om at fellingsrapport skal leverast seinast 14 dagar etter endt jakttid. Dei som leverer fellingsrapporten digitalt via Hjorteviltregisteret får tilsendt kvittering på e-post automatisk. Fekk du ikkje e-post? Ta kontakt med utmarksforvaltar for å sjekke at rapporten vart levert.

Vi har fått inn melding om at det på grunn av tekniske problem med den nye sett og skutt appen **kan føreligge dobbeltföringar av jaktdagar.** Det er fint om valdleiar tek ein ekstra sjekk før godkjenning av jaktdagane og felt hjort.

Det skal ikkje leverast kjavar i Gloppen kommune etter jakta 2024.

## Merkeprosjektet «Vesthjort»

Fem koller i våre kommunar, tre i Stad og to i Gloppen, har framleis halsband på, men desse kjem til å falle tidleg på nyåret. Ein bukk med klave vart felt tidleg i jakta. Desse dyra har gått med GPS-halsband i nesten to år og har samla inn store mengder data for oss. Vi kjem til å lage ein plan for å samle inn dei fleste av desse halsbanda, men om de finn GPS-halsband ute i naturen, ta dei med og ta kontakt med utmarksforvaltar. NIBIO ønskjer å få dei tilbake då dei kan brukast på nytt i andre merkeprosjekt.

## Jordsmønnkartlegging

Gloppen kommune har fått oppdatert jordkart og jordkartlegging ila sommaren 2024. De finn jordsmønnskartet i kartportalen [Kilden](#). Under fana «Jordsmønn» er det nye og oppdaterte kart som viser ulike eigenskapar ved jordsmønnet og kart som viser potensial for dyrking av ulike vekstar, erosjonsrisiko ved haustploying og jordkvalitet.

Karta gir grunnlag for kunnskapsbaserte avgjersler innan agronomi, arealplanlegging, klimatilpassing og miljøspørsmål innan jordbruket skriv NIBIO på sida si.



Jordbrukslandskap, Byrkjelo.  
Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

## Skogfondkurs 8. januar – for nye og gamle skogeigarar!

Onsdag 8. januar 2024 kl 18.00 blir det halde kurs om skogfond på rådhuset på Nordfjordeid. Kurset vert arrangert i samarbeid med [Skogselskapet Sogn og Fjordane](#) og Ytre Nordfjord skogeigarlag. Kurset er gratis og retta mot skogeigarar. For dei som driv med skogbruk eller har planar om å byggje skogsveg ei gong fram i tid, er kurset av spesiell interesse.



I Stad kommune har fleire skogeigarar kome over skogfondskontoen sin for fyste gong i samband med betaling av skogbruksplan. Alle skogeigarar må ved sal av skogvirke setje av midlar til skogfond. Skogeigaren kan sjølv avgjere kor mykje som skal setjast på fond. Minstesats er 4 %, den maksimale satsen er 40 %. Å velje rett sats er viktig med tanke på investeringsbehovet i skogkultur, veganlegg m.m. Rett sats kan gje deg stor økonomisk fordel!

Kurset er ope for alle, og skogeigarar frå både Gloppen og Stad bør vere med. Vi ønskjer påmelding via følgjande lenke: <https://forms.office.com/e/J25xrfN2AM>

## Skogbruksplan – tilskot og utbetaling av tilskot og skogfond

Fleire skogeigarar i Stad kommune har fått faktura for skogbruksplan frå AT skog. Prosessen med skogbruksplan har gått over lang tid og mange skogeigarar bestilte plan for fleire år sidan enten via kommunen eller med AT skog, som på den tida heitte Vestskog. Dei aller fleste fekk skogbruksplanen (ein perm) sendt i posten rundt mai 2022, men fakturaen kjem fyst no.

Statsforvaltar tilbyr 70 % tilskot på kostnaden av planen (eks mva), men dette må søkjast om digitalt via skogfondskonto som skogeigar kan logge på ved [www.skogfond.no](http://www.skogfond.no). Midlane blir betalt inn på skogfondskonto og skogeigar må difor i tillegg søkje til kommunen om å få midlane utbetalt frå skogfondskonto.

Saman med faktura var det sendt ut eit brev med tittel: *Tilskott og skogfond til skogbruksplan*. Dette er ein oppskrift på korleis ein søker om tilskot frå Statsforvaltar **og** korleis ein søker om å få midlane utbetalt frå skogfondskontoen. Dette må gjennomførast i to separate operasjonar som begge er lista opp punkt for punkt i brevet.

**Alle som ikkje har fått faktura og ikkje søkt om tilskot må gjere det.** Ta kontakt med Karoline eller Lindis om noko er uklart. Søknader om tilskot som kjem i 2024 blir ikke handsama før på nyåret.

## Planting av skog på nye areal og treslagsskifte - søknadsplikt



Granplante i god vekst.

Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Det kan vere gode grunnar til å plante skog på areal der det tidlegare ikkje har vore planta skog før. Dette kan små teigar av til dømes innmarksbeite som ikkje har nytte lenger eller som av ulike orsakar har vekse til.

Det er viktig å hugse på at når du tek i bruk nye areal til skogproduksjon, kan det vere mogleg at du må søkje om omdisponering av arealet. Dette gjeld om du skal plante på dyrka jord. Ver då obs på at areal som er definert som innmarksbeite i gardskart.nibio.no er rekna som dyrka jord etter jordlova og kommunen må gjere eit vedtak etter jordlova.



Det kan og vere at grunneigar har ynskje om å produsere meir på tømmer på areal ved å skifte treslag til eit treslag som produserer raskare og betre. Skal du skifte treslag på eit areal, til dømes at du vil plante gran på eit areal som det tidlegare har vore lauvskog på, så er dette meldepliktig til kommunen om arealet som skal tilplantast er over 100 daa. Treslagsskifte på areal under dette, er ikkje meldepliktig, men bruk litt tid på å vurdere kva treslag som vil vere riktig på arealet og legg til rette for treslagsblanding, gjerne både barskogblanding med bestand av lauv.

Alle tiltak knytt til skogbruk skal følgje skogbrukslova og [forskrift om berekraftig skogbruk](#). Er du i tvil eller har spørsmål til dette, kontakt oss!

## Miljø- og klimaprosjekt i landbruket i Gloppen og Stad

Kommunane har fått tilskotsmidlar frå Klima- og miljøprogrammet frå Statsforvaltaren i Vestland til to prosjekt:

### Fagdagar om ureiningskjelder i landbruket

Vi skal arrangere to fagdagar der føremålet med fagdagane i Gloppen og Stad er å auke kunnskapsgrunnlaget kring ureiningskjelder gjennom drift, å auke kunnskapen om god agronomi som klimatiltak i jordbruksdrift og å motivere brukarane til dette. Samstundes skal fagdagane medverke til å synleggjere kor viktig det er med god oppfølging av vassmiljøtiltak, og at det finst tilskotsordningar for dette. Program og påmelding vert kunngjort etter nyttår. Følg med på kommunen si heimeside!

### Tilskot til plastpresse i landbruket

Målet med prosjektet er betre handtering av plast i landbruket. Landbruksplast på avvege er eit problem, sjølv om det meste av landbruksplasten blir resirkulert. Dei siste prosentane som ikkje blir sendt til gjenvinning kan føre til stor forureining. Plastpresser kan gi betre kvalitet på plasten som skal leverast, og dermed høgare gjenvinning. Kommunane lyser ut midlar til tilskot til plastpresse tidleg i 2025 og løyver tilskot til søkerar som oppfyller vilkåra i utlysingsteksten.



Plastpresse. Foto: Felleskjøpet i Rogaland.

## Stengte system i jula

For dei fleste tilskotsordningane vart sistema nedstengde for behandling og utbetalingar 9. desember. Alle som etter denne datoен har søkt utbetalingar må vente til starten av januar 2025 for handsaming av søknadar og utbetalingar.

## Produksjonstilskot (PT)

Grunna NIBIO sitt periodiske ajourhald har det vore mykje «feil» i søknadane om arealtilskot i Gloppen. Kommunen har retta arealtala i tråd med Landbruksregisteret for å få bort



feilmeldingane som ligg i søknadane. Dette er gjort fordi oppdateringane kom tett oppunder søknadsfristen og det er ikkje ilagt trekk i tilskota på grunn av desse endringane.

Det også ein del om og men med vanleg jordbruksproduksjon på ammegeit. Her er regelverket nokso firkanta og vi trur alle saksbehandlarar på produksjonstilskot ynskjer seg ei enklare ordning.

For begge kommunane er det innkome 451 søknadar.

## Regionalt miljøprogram (RMP)

Her er mange tiltak som kan søkjast på og det er lett å gå seg vill i alle ordningane. I år ser vi at det er «Beiting av verdifulle jordbrukslandskap» som lagar krøll. Ordninga gjeld **«Sau over 1 år»** på utmarksbeite frå og med 600 meter over havet. Det er stor prosent av søkjane som fører heile flokken her og det kan ikkje kommunen godkjenne. Det vert diverre eit trekk i tilskotet då.

Elles er det lite feil på dei andre ordningane. For begge kommunane er det innkome 293 søknadar.

## Bonden sitt nettverk

På oppmading frå Landbrukstenester Nordfjord har vi sett i gong arbeidet med å få på plass eit nettverk – det vil seie – etablere ei liste over aktørar som bonden eller andre kan kontakte om dei er bekymra for bonden sin situasjon eller helse. Nettverket skal arbeide for å førebygge psykisk uhelse i landbruket og fungere som eit tryggleiksnett om ei hending skulle oppstå og ramme bonden. Nettverket er sovande og trår til ved behov – ein eller fleire – avhengig av kva sak som dukkar opp. Det blir etableringsmøte i Sunnfjord og Nordfjord ila januar – der faglaga, kommunalt helsepersonell og landbruksrådgjevarar m.fl. blir invitert til å vere med.



Du kan lese meir om bonden sitt nettverk på heimesida til NLR


<https://www.nlr.no/bondensnettverk>.

Det aller viktigaste vi kan gjere kvar og ein av oss – er å bry oss og vere medmenneske, slå av ein prat eller stikk innom på ein kaffikopp til dine bondekollegaer eller -naboar.

*Landbrukskontoret for Gloppe og  
Stad ynskjer alle ei riktig god jul og  
eit godt nytt år!*

*Vi ser fram til eit aktivt 2025!*

Helsing Bernt, Åse, Lindis, Trine,  
Marte, Odd-Harald og Karoline.



*Drøymeforhold for både skogbruk og ski.  
Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppe kommune.*